

Organisering av stabsavdelinga innbyggjarservice

1. Bakgrunn

Voss kommune og Granvin herad skal slå seg saman til Voss herad frå 1. januar 2020. Gjennom den overordna administrative organiseringa av Voss herad har prosjektleiar gjort det klart at stabane til rådmannen skal organiserast på ny. Det skal opprettast tre stabsavdelingar: innbyggjarservice, strategi og styring og HR og innovasjon. Dette dokumentet tek for seg vurderingar og tilrådingar om organisering av stabsavdelinga innbyggjarservice.

2. Mål

Kommunikasjon er eit strategisk satsingsområde for Voss herad, og eit vesentleg verkemiddel for å nå kommunen sine mål og løysa oppgåver på ein effektiv og god måte. Kommunen skal vera profesjonell og ha forankra gode haldningar og verdiar, ha ein høg etisk standard, praktisera openheit, pålitelegheit og respekt som byggjer tillit i relasjon til omgjevnadane våre. Voss herad skal modernisera, forbetra og fornya og vera nær innbyggjarane med god innbyggjarservice. Effektmål for stabsavdelinga er:

- Bidra til å styrka organisasjonen si kommunikasjonsevne. Kommunen sine ulike representantar skal byggja tillit, truverd og eit godt omdømme kvar dag
- Modernisera, forbetra og fornya innbyggjardialogen i Voss herad.
- Utvikla digitale kanalar som fyrstevalet i det framtidige kommunikasjonsarbeidet.
- Utvikla og innarbeida eit klart språk i Voss herad. Det er viktig at alle som har kontakt med Voss herad forstår kva me i heradet ynskjer å formidla. Eit klart, tydeleg og forståeleg språk er avgjerande for at me kan kommunisera på ein god og effektiv måte.
- Auka openheita i den kommunale verksemda.
- Sikra at innbyggjarane får nødvendig informasjon om tenester, rettar og plikter.
- Avdelinga skal vera eit kontaktpunkt for media, som skaffar fram fakta og set media i kontakt med fagekspertar som kan gje utfyllande informasjon.
- God flyt i prosessane før, under og etter politiske møte.

3. Organisering

Organisering av avdelingane skal vera ferdig innan 1. februar 2019. I arbeidet med å organisera stabsavdelinga innbyggjarservice har alle tilsette vore involvert i to arbeidsmøte, på Voss tysdag 2. oktober og i Kulturbanken i Granvin tysdag 6. november. Her har dei tilsette blitt delte inn i tre grupper, som kvar for seg fekk i oppdrag å utarbeida to framlegg til framtidig organisering, med argumentasjon for og i mot. Framlegget til organisering byggjer i all hovudsak på det alternativet alle gruppene var samde om.

Stabsavdelinga innbyggjarservice består av avdelingane dokumentcenter, arkiv, servicetorg og kommunikasjon frå Voss kommune, og tenestetorg og arkiv frå Granvin kommune. Avdelingane er i dag organisert med leiar av arkiv og dokumentcenter, leiar av servicetorg og kommunikasjonsrådgjevar på Voss, leiar av arkiv og tenestetorg i Granvin. Det overordna ansvaret, inklusiv personalansvar for kommunale sysselsettingstiltak, som gjeld kantinedrift, ligg i dag til Servicetorget på Voss. Det same gjeld ansvar for arbeidet med stønad til eigen bustad.

Ein ynskt gevinst av å etablere stabsavdeling innbyggjarservice er å få nytta ressursane betre på tvers av dagens avdelingar. På den måten vil ein frigjera ressursar til å vera i betre stand til å levera det som prosjektleiar har sett opp som mål i oppdragsskildringa.


Ein annan gevinst er å gjera heile avdelinga mindre sårbar, og ein vil vera betre rusta for å handtera fråvæer ved til dømes sjukdom og ferieavvikling.

Gjennom arbeidsmøta var det tydeleg at dei tilsette ikkje ynskjer å vera organisert i ulike avdelingar, men at funksjonane innan servicetorg/tenestetorg, arkiv og dokumentcenter, samt politisk sekretariat, bør samlast i ei avdeling, med avdelingsleiar som styrer ressursane slik at avdelinga nyttar ressursane på ein best mogleg måte.

Det betyr at fleire i avdelinga blir generalistar, og utfører oppgåver innan både service, innbyggjarkontakt, journalføring, operativt kommunikasjonsarbeid og anna. Målet er at når fleire i avdelinga jobbar på tvers, vil oppgåver innan arkivteneste, systemadministrasjon og politisk sekretariat kunne bli prioritert av medarbeidarar som har dette som sine spesialfelt.

Avdelinga på Voss er i dag også sett opp med ein kommunikasjonsrådgjevar, som i stor grad jobbar strategisk opp mot leiargruppa til rådmannen. Med ein stabssjef for innbyggjarservice, som ifylgje oppdragsskildringa frå prosjektleiar skal ha kommunikasjonsfagleg bakgrunn, vil stabssjef i praksis også fungera som kommunikasjonsjef i Voss herad. Det inneber at det strategiske kommunikasjonsarbeidet og den strategiske rådgjevinga i større grad vil liggja til stabssjef, medan funksjonen som kommunikasjonsrådgjevar kan prioritera operativt kommunikasjonsarbeid, som innhaldsproduksjon og drift av nettsider, profiler i sosiale media og digital innbyggjardialog.

Ut frå arbeidsmøte og vurderingar over vil stabsavdelinga innbyggjarservice sjå slik ut i eit organisasjonskart:



I denne organiseringa er det avdelingsleiaren som vil ha ansvaret for at avdelinga løyser driftsoppgåvene sine, og ser til at ressursane vert nytta på ein mest mogleg rasjonell og effektiv måte. Avdelingsleiar rapporterer til stabssjef.

Funksjonen som kommunikasjonsrådgjevar er plassert direkte under stabssjef for å kunne operera fritt, men i tett samarbeid både med stabssjef og stabsavdelinga elles om det operative kommunikasjonsarbeidet.

Funksjonen som avdelingsleiar vil vera delt mellom leiaroppgåver og fagoppgåver.

I intensjonsavtalen mellom Voss kommune og Granvin herad heiter det at ein skal ta sikte på å oppretthalda enkelte tenestetorgfunksjonar i Granvin. Innhald og organisering av tenesta i Granvin vil naturleg høyra til i avdelinga, og inngå i ansvaret til avdelingsleiaren. Innhald og organisering av tenesta vil bli avklart på eit seinare tidspunkt, men i god tid før kommunesamanslåinga er trådd i kraft.

4. Vegen vidare

Organiseringa skal vera bestemt innan 1. februar 2019. Innan 1. april 2019 skal alle vera innplassert i dei ulike stillingane i stabsavdelinga. I tida fram mot dette vil det bli jobba med å skildra innhald i dei ulike stillingane, og avgjera korleis avdelinga konkret skal løysa oppgåvene innan dei spesifikke fagområda. Gjennom ei overordna oppgåvefordeling skal det vurderast om det nokre av dagens oppgåver som bør flyttast til andre stabsavdelingar, og om stabsavdeling innbyggjarservice får tilført andre oppgåver.

Leiar i arbeidsgruppa ynskjer å ha tett dialog med alle tilsette for å sikra brei involvering og medverknad også når detaljane om korleis avdelinga skal fungera skal på plass.

Dette dokumentet er sendt på høyring til tillitsvalde og verneteneste i Voss og Granvin og tilsette og leiarar i dagens avdelingar som høyrer til under den komande stabsavdelinga.

Høyringsfrist er torsdag 10. januar 2019.